

Høgsteretts vedtak om ACER — eit vendepunkt i EØS-striden

Høgsterett har vedtatt at Nei til EU har høve til å føra sak mot regjeringa for brot på Grunnloven. Stortinget følgde ikkje Grunnlovens § 115 då dei vedtok EUs energipakke 3 og la Norge under EUs energibyrå ACER. Dei viste bare til Grunnlovens § 26, andre ledd, som seier korleis Norge kan inngå folkerettslege traktatar. Den paragrafen seier ingenting om å avstå suverenitet. Høgsteretts fleirtal skriv at det har stor samfunnsmessig interesse å få avklart når Grunnlovens § 115 må anvendast, og når stortingsfleirtalet kan bruka Grunnlovens § 26, andre ledd. «En dom som bidrar til å avklare grensen mellom Grunnlovens § 26 andre ledd og § 115, vil være retningsgivende for fremtidige saker.»

Høgsterett har ikkje tatt standpunkt til realitetane i saka, men har peika på at det er eit problem at stortingsfleirtalet overfører suverenitet til EU/EØS stykkevis og delt. Har dei rett til det etter Grunnloven? Det vil bli eit hovudspørsmål i dei kommande rettsrundane, som truleg vil enda med at saka nok ein gong kjem til Høgsterett for endeleg avgjerd. Det høgsterettsfleirtalet som slo fast at det er problematisk å overføra suverenitet stykkevis og delt, vil truleg også avgjera om praksisen er i strid med Grunloven — når den tid kjem.

Høgsterett er også blitt beden om å avklara forholdet mellom jernbanepakke 4 og Grunnloven. Følgjer dei den same logikken i den saka, vil dei venteleg landa på at jernbanepakke 4 er i strid med Grunnloven og ikkje kan innførast før enten jernbanepakken eller Grunnloven blir endra. Jernbanepakke 4 er endå meir problematisk sidan suverenitet då blir overført direkte til EU-organ, utan å gå omvegen om EØS, noko som ikkje kan vedtas om det så er 3/4 fleirtal på Stortinget, sidan Norge ikkje er medlem i EU.

I dag kan me ikkje vita kva Høgsterett vil meina om jernbanepakke 4 eller kva retten til slutt vil meine om ACER og EUs energipakkar. Men dersom Høgsterett kjem fram til at framgangsmåten som har vore nytta, er grunnlovsstridig, får det konsekvensar. Grunnlovens § 115 har bare vore nytta to gonger: då EØS-avtalen blei vedtatt, og då finanstilsynet blei lagt under EU/EØS. Men sidan 1997 har suverenitet blitt overført i eit stort tal saker med henvisning til Grunnlovens § 26, andre ledd. Dersom Høgsterett kjem fram til at denne framgangsmåten har vore grunnlovsstridig, blir ingen vedtak oppheva, men Stortinget har då hamna i ei lei knipe og må finna ut kva dei vil gjera med det. Kan Storting og regjering i så fall leva med at hovudsporet i EØS-politikken har vore grunnlovsstridig?

Det er det Stortinget som skal veljast i haust, som i så fall vil få saka i fanget. Derfor: haustens stortingsval får stor betydning for kampen mot EU og EØS.

Forslagsstiller:

Leiv Olsen